

Musikkspel

«SYNNØVE OG KONGEBREVET»

HISTORISK BRAGD I NORDFJORDEID 1681

HISTORISK BAKGRUNN

Året er 1681. Synnøve Ottesdotter Åsebøstøl er gift med Hallstein. Dei har tre barn. Men noko forferderleg har skjedd: Faren Otte har drept ein mann i slagsmål og er dødsdømt. Han fer omkring som fredlaus. Då er det den 30 år gamle småbarnsmora og gardkjerringa bestemmer seg: Ho vil reise til København og be om nåde for sin far hos kongen, Christian V. Mannen Hallstein som driv garden ved Hornindalsvatnet støttar henne og sin svigerfar.

Synnøve reiser med ei lastejekt til Bergen og vidare med eit skip til København. Ho får utruleg nok audiens på Rosenborg Slott og der ordlegg ho seg så godt at kongen med eit brev gir pålegg om å ta saka opptatt. Dronninga på si side er så imponert over Synnøve at ho gir henne ein raud fløyelskjole som gáve. Ny saksgang gir ny dom:

Otte har handla i naudverje og får ei bot. Synnøve fører sin far til alters for signing i kyrkja kledd i kjolen frå dronning Charlotte. Kongebrevet datert 3. desember 1681 ligg på Halldor-bruket i Leivdal. Dette er ein kopi, familien har levert originalen til Riksarkivet for trygg oppbevaring, men er familiens eigedom. På Haldor-bruket ligg også den enorme Otte-stenen. Legenda om kjempen Otte lever i beste velgåande; han skal ha bore steinen ut av åkeren. Ferdaskrinet som Synnøve hadde med seg på reisa er bevart på garden Åsebøstøl.

Først i 1687 kom Christian V med eiga norsk lov. På Synnøves tid var dei analfabetar.

Innpå 1700-talet tok sentralmakta initiativ til organisering av undervisning og oppseding.